
Jan Leidulf Nordeide

MINNEORD

KJELL HAALAND

PAWEL MIELNIK

ANJA HJELLE



Vår gode ven og kollega Jan Leidulf Nordeide døydde brått og uventa 23. juli 2024. Han var fødd 24. januar 1948 og vaks opp i Askvoll med foreldre, tvillingsøster og to yngre søsken. Han var heile livet sterkt knytt til heimbygda, der han no er gravlagd. Etter artium ved Firda gymnas på Sandane starta han på medisinstudiet i Bergen i 1968. Turnustenesta var ved Stord sjukehus og i Voss kommune. Etter militærtenesta var han assistentlege ved Revmatologisk avdeling, Diakonissehjemmets sykehus i Bergen i eitt år og ti månader. Han starta si indremedisinske karriere ved Fylkessjukehuset på Stord i 1978, og frå 1981 ved Regionsykehuset i Trondheim. Der var han i vel fire år og vart godkjent spesialist i indremedisin. I 1985 vende han tilbake til revmatologien på Oslo Sanitetsforenings Revmatismesykehus. Etter sideutdanning i nevrologi vart han tilsett som overlege ved Revmatologisk avdeling på Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane i januar 1987. Han jobba som revmatolog i Førde i full stilling til 2018, men etter pensjonsalder fortsette han å jobbe delvis til 2020 for å hjelpe avdelinga.

Jan la stor vekt på å halde seg oppdatert innan alle område i faget. Han deltok på kurs og kongressar i inn- og utland så langt det let seg gjere. Han hadde studieopphald i Bath og i Lund. Då osteoporose vart ei ny grein i revmatologien, brukte han mykje tid på å sette seg grundig inn i ny forskning og behandling. Det førte til at han fekk oppdraget med å skrive kapitelet om temaet i Prosedyrebok for Norsk revmatologisk forening.

Jan var lett å samarbeide med. Han var alltid klar for ein fagleg diskusjon og alltid godt forberedt til internundervising. Han var ein lengre periode leiar av legerådet for Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane. Jan hadde ei sentral rolle ved opprettinga av Klinisk etisk komité, og leia denne heilt fram til han vart pensjonist.

Jan var langt over middels kulturelt interessert. Han reiste mykje, oppsøkte ofte historiske stader og deltok på temareiser, gjerne med kristen tilknytning. Han var med på Olavsfestdagene i Trondheim, og han tok del i tusenårsmarkeringa av kristninga av Noreg på Moster i juni i år. Han var òg fleire gonger med på kongress i den internasjonale kristne legeföreining, seinast i Tanzania i juni 2023.

Meldinga om Jan sin uventa bortgang var ein trist og tøff beskjed. Han kom ofte innom oss på poliklinikken for å helse på, og vi fekk vite om turar og opplevingar han hadde hatt, og planer han hadde. Tankane går til familien, som har mista en kjær og nær bror, svoger, onkel og grandonkel. Vi vil sakne deg, Jan.

Publisert: 9. september 2024. Tidsskr Nor Legeforen. DOI: 10.4045/tidsskr.24.0429
Opphavsrett: © Tidsskriftet 2026 Lastet ned fra tidsskriftet.no 10. juli 2026.